



Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Førstekonsulent/ Seniorkonsulent, Styresekretariat og rektoratets stab

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), er det ledig fast stilling som førstekonsulent/seniorkonsulent i styresekretariat og rektoratet sin stab.

Det administrative oppfølgingsansvaret for høgskulestyret og strategisk leiargruppe er lagt til styresekretariatet og rektoratet sin stab. Saman med rektor planlegg sekretariatet styret og leiargruppa sine aktivitetar, koordinerer saksførebuinga og følg opp sakene i organisasjonen. Medarbeidarane i styresekretariat og stab gjev også leiarsupport til rektoratet. Dei tre medarbeidarane i eininga er plassert i linje til Organisasjonsdirektør.

Om stillinga

Stillinga som førstekonsulent/seniorkonsulent vil ha hovudtyngda av sine oppgåver knytt til leiarsupport, koordinering og oppfølging av dagleg verksemd for rektor.

Stillinga er knytt til campus Bergen.

Ansvars- og arbeidsoppgåver

- Administrativ støttefunksjon i saker etter behov og i samråd med rektor.
- Handtering av førespurnader
- Koordinering og oppfølging av reise- og møteverksemd
- Enklare sakshandsaming

Kvalifikasjonskrav

Stillinga har krav om høgare utdanning på minst bachelornivå. Relevant erfaring/realkompetanse kan kompensere for utdanning. Erfaring frå tilsvarende arbeid, og kjennskap til universitets- og høgskulesektoren er ein fordel.

Vi søker ein medarbeidar som er systematisk, strukturert og serviceinnstilt. Du har gode evner til å samarbeide med andre, og til å arbeide sjølvstendig. God skriftleg formuleringsevne på begge målformer er ein føresetnad.

Vi tilbyr

Stillinga som førstekonsulent/ seniorkonsulent er løna etter Statens lønnsregulativ, i stillingskode 1408 - førstekonsulent/ 1363 seniorkonsulent. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller annan dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggest ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert

alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA bedrift.

[Heimeside](#)

Kontaktperson(ar) ved Høgskulen på Vestlandet er:

- 1) Rektor Berit Rokne, telefon [+47 55 58 76 46](tel:+4755587646) / mobil [+47 480 14 162](tel:+4748014162)
- 2) Organisasjonsdirektør Tage Båtsvik, telefon [+47 53 49 14 05](tel:+4753491405) / mobil [+47 454 26 924](tel:+4745426924)

Jobbnorge-ID: 161624, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut